

# Bibliotek- optimisme i vår tid

Anders Ericson har läst Folkbibliotekens framtid

Malmö stadsbibliotek. Foto: Anders Ericson



**T**il nyttår kom intervjuboka "Folkbibliotekens framtid?" ut i Sverige, eit forsøk på å spegle haldningane til folkebiblioteket pr. 2010. Boka inneheld få overraskingar, men eitt innslag som skjer gjennom den velmeinte, men naive optimismen.

Dei nitten intervjuobjekta har meir eller mindre høge posisjonar i bibliotek- og kulturlivet eller politikken, blant anna to kulturministrar. Unntaka er ein meinig bibliotekbrukar og eit par barne- og skolebibliotekarar.

Først i boka har redaktøren, Roland Eliasson frå utgjevaren BTJ, ei oppsummering. Ikkje overraskande får vi vite at "Bibliotekens betydelse som møtesplass framhålls av de flesta", at "biblioteket [är] böckerna, medierna" og at "Samlingarna skall ha bredd och djup och kunna erbjuda både det speciella och det populära". Vidare er "i dagsläget [...] spekulationerna om den fysiska bokens död överdrivna"

Dei fleste som er intervjuva er relative bibliotekoptimistar som varierer mellom det naive til det brukbart reflekterte. Under ligg likevel ein solid angst. Men ingenting er nytt eller overraskande. Etter å ha lese godt over halvparten, hadde eg notert følgjande:

## Utan entusiasme

"Denne bokas verdi vil berre bli som ein tidskapsel med haldningar frå ei tid (2010) der kunnskap og demokrati, og dermed folkebibliotek, er allment akseptert, men heller ikkje meir. Ikkje slik å forstå at ein kan skulde intervjuobjekta for å vere likegyldige, men mangelen deira på gjennombrotsvilje eller kvantesprang speglar samfunnet slik det er blitt, nemleg utan eigentleg entusiasme rundt kunnskap og demokrati. Jf auken på studieavgifta i UK og privatiseringa og innelåsinga av e-kunnskap i betalingsdatabasar og bak DRM og app-ar. Og det statlege norske bibliotekløftet, som forsvann. Og når det gjeld demokrati, angrepa på WikiLeaks og omfamninga av Datalagringsdirektivet. Det er viktig med eit utdanna folk, men i praksis held det med ein elite. Biblioteket overlever av nostalgiske grunnar. Det er nok med Internett for allmugen".

Men så las eg det fjortande intervjuet, med Annina Rabe, journalist, kritiker og tidlegare redaktør av Biblioteksbladet. Ho seier blant anna, som om ho skulde ha lese enkelte andre av intervjuva:

*"Det førs en intensiv debatt om biblioteken – i biblioteksvärlden. Går man utanför biblioteksvärlden, även i den mer initierade kulturvärlden, så upptäcker man att många fortfarande har en ganska*



*naiv inställning till bibliotek”*

- Vil biblioteket överleve?

Rabe er ”... mer orolig för biblioteken än för den fysiska boken. I dessa tider flyttas gränserna hela tiden, och vi har en kulturpolitik som är starkt inriktad på vinst och marknad. Det finns faktiskt dagar när jag känner att hela folkbiblioteksintertningen hänger på en skör tråd. Så är det förhoppningsvis inte, men på sikt kan det finnas anledning att vara orolig. Det är möjligt att det kommer att finnas bibliotek i någon form i framtiden, men jag är inte alls säker på att vi alltid kan räkna med att ha ett folkbiblioteksväsende som står fritt från kommersiella krafter”.

## Gullkant på tilveret

Ho konstaterar at dei tunge bibliotekbrukarane er relativt høgt utdanna folk frå mellomlaga:

*”Att bedriva uppsökande verksamhet för socialt utsatta grupper är inte något som passar speciellt bra in i vår tids kulturpolitik, eftersom*

*det är mycket lite i den som handlar om att närma sig samhället över huvud taget. Kultur håller snarare på att förvandlas till något slags guldkant på tillvaron som man kan unna sig. ... Dagens kulturpolitik handlar om att kultur är något som är lite härligt och bra vid sidan av det vanliga livet, som folk behöver för att må lite bättre. Man glömmer det livsviktiga med kulturen, den blir som ett slags feel good-institution”.*

Ho er heller ikkje imponert av trenden med møteplass:

*”Jag är inte säker på att biblioteken vill ha någon samhällelig mötesplats. Jag har fått en känsla av att det mer handlar om flashiga evenemang. Och vad menas egentligen med ”samhällelig mötesplats”? Ska man träffas och tala politik? Det är så lätt att sådant bara blir ord”.*

Intervjuet med Annina Rabe bør lesast i sin heilskap. Takk vere henne blei det likevel ei bok med spenningar.

Eliasson, Roland (red.) Folkbibliotekens framtid? Lund : BTJ Förlag, 2010. ISBN 978-91-7018-695-0

*Anmälan har varit publicerad i Bibliotekforum*